

# REFERAT FRÅ ÅRSMØTE 2011

---

## MRGL – Møre & Romsdal Gjeterhundlag

Laurdag den 11.02.2012 kl 11.00 på Systra Kafe – Sjøholt. 16 medlemmer møtte.

Leiaren i MRGL starta møtet med eitt minutt stillheit til å minnast Ingolf Mork.

### Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste samrøystes godkjent.

2. Val av møteleiar, protokollførar og to til å underteikne protokollen saman med møteleiar.

Odd Bjarne Bjørdal vart vald til møteleiar, Nils Edmund Stråmyr protokollførar og Hilmar Kleppe og Jorunn Hauge skulle underteikne protokollen.

Oppteljing av utsendingar: 12 stemmebererettiga møtte.

3. Årsmelding.

Nils E Stråmyr las opp årsmeldinga som så vart samrøystes godkjent.

4. Årsrekneskap.

Odd Bjarne Bjørdal refererte frå rekneskapen som vart samrøystes godkjent.

5. Arbeidsplan 2012

Arbeidsplanen var ikkje ferdig, så dette vart til i eit samarbeid på årsmøtet der datoar som ein har oversikt over pr. i dag vart fastsett. Web ansvarleg vil legge dette ut på heimesida når det er ferdig nedskrive.

6. Budsjett 2012

På inntektssida vil en ta uendra pris for gjetarhundbevis og redusert litt i startkontingenten fordi MRGL ikkje skal arrangere fylkesmeisterskapet i år, men fylkeslaget held premiar til fylkesmeisterskapet samt reise og betaling til dommar på prøvedagen.

Endringar: Stryk leige prøvekostnad på 2000 og aukar dommarutgifter til 10000. Elles auke i godtgjering til leiar og web-ansvarleg med høvesvis 200 og 500 kroner. Syner til budsjettframlegget. Budsjettet er framlagt med eit resultat på 10300.

7. Val av valnemndsmedlem for 4 år frå MMG

Merethe Hellevik vart valt til valnemndsmedlem.

8. Val (ved valnemnda):

Odd Bjarne Bjørdal vart valt til leiar for MRGL i 1 år. Sunniva Nupen vart valt til vara for 1 år frå VSG.

Frå MMG vart Vidar Sunde valt til medlem til styret i MRGL for to år, og Richard Bøe til vara for 2 år.

Frå NRG valde årsmøtet å setje plassen til leiar til lokallaget open til laget får ny leiar. Tor Garshol vart valt til vara for to år.

Revisor 1 vart Jan Myklebust for to år og revisor 2 vart Atle Arnesen for eitt år. Utsending til MRSOG vart valt leiaren Odd Bjarne Bjørdal.

Godtgjering av styret. Leiar kr 2700, styremedlemer 1000 kroner og web ansvarleg auke med kr 500 til kr 2000.

9. Innkomne saker:

a. Felles rutinar omkring manglande betaling for prøver m.m.

Det vart delt ut eit skriv på møtet som Andor Bjørke las opp. Overskrifta var «Gjetarhundlag eller kredittinstitusjon?» Det har vorte eit aukande problem å få inn betaling for prøver og kurs. Årsmøtet diskuterte dette og gjorde følgjande vedtak:

All kurs og prøveverksemd skal betalast sju dagar på førehand! Betaling er påmelding.

b. Unghundcup i MRGL er for hunder under 3 år (skal ikke fylle 3 år før etter siste prøve) i klasse 2. Dato på prøvene er 27. mai på Tynes, 3 juni på Stette, 1 juli Tynes, 12 august på Stette og 28 oktober på Fiskå. Totalt fem prøver, der dei tre beste er teljande (Sum av poeng beregnes etter same lest som poenggjevinga på distriktsprøver til uttak til NM). Premiering vert vandrepremie i form av våpenskjold med namnepåføring / årstal.

Elles vart det noko diskusjon på kva alder ein unghund er unghund. Andor Bjørke og Jens Terje Tennfjord fekk i oppdrag å lage skriv til gjetarhundnemnda angående alder på unghundar som etter dei fleste si meining bør vere fire år som i Storbritannia.

c. Profileringskle. Har prøvd å skaffe sponsorar med det har ikkje lukkast. Må søkje til spesielle arrangement. MRGL skal søkje på støtte til startnummer til landsprøva i Ørsta. MMG har profileringskle frå Wenaas, dei har ikkje hatt noko inntekt på dette, men ser det som positiv profilering. Årsmøtet var av den meining at dette skulle leggast vekk inntil vidare.

d. NM. For vår del er det ikkje aktuelt før i tidlegast 2014. Styret har eitt alternativ med prøve på Øye i Follestadalen og med hotellfasiliteter i Ørsta. Det må vere interesse i fylkeslaget før vi kan sende ein evt. søknad. Etter noko diskusjon vart følgjande vedteke:

Vi signaliserer at vi vil søkje om NM i 2014. Vi set og ned ei arbeidsgruppe bestående av Odd Bjarne Bjørdal, ein grunneigar i Follestadalen, Bente Bonsaksen og Vidar Sunde.

Hilmar Kleppe

Odd Bjarne Bjørdal

Jorunn Hauge